



Venstre fekk 5 sist, her blir det markert av Kjell Yri og Synnøve Handeland. Han er no den einaste ordførarkandidat frå vår bygd (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen er totalt sett bra representert på listene ved valet måndag. 19 frå bygda er kandidatar. Rett nok var talet for 4 år sidan 37, men dei to vala er ikkje direkte samanliknbare fordi det var 11 lister den gongen og 9 no. Men kandidatane frå vår bygd er svært ujevnt fordelt også ved dette valet. På listene til SV og Innbyggjarpartiet er det såleis ingen herifrå.**

På den andre sida er det 6 på lista til Høgre og 6 også på Venstrelista medan det er 3 frå Arbeidarpartiet og Framstegspartiet. Senterpartiet stillar med 2 uskedelingar og Kristeleg Folkeparti med 1.

Her er kandidatane:

Arbeidarpartiet: 4. Magne Huglen 8. Jostein Grov 18. Knut Gustav Sjøwall

Framstegspartiet: 3. Eskil Andreas Dahl Moen 11. Trond Nedrevaag  
13. Jan Morten Snilstveit

Høgre: 2. Gunn Mari Nilsen Moberg 9. Tor Vidar Sæle 11. Oddbjørn Kroka 17. Lars Johan Myklebust  
20. Hilde Borge Bringedal 29. Steinar Andreas Kroka

Kristeleg Folkeparti: 16. Leohnard Eik

Senterpartiet: 2. Elin Legland 30. Lars Petter Lange

Venstre: 1. Kjell Yri 8. Reidar Myklebust 11. Kristian Olav Bringedal  
15. Brit Hjetland 18. Brit Halleråker 22. Bjarne Mikal Lilleaas

Ved valet sist vart 4 frå Uskedalen innvalde og nøkterne vurderingar tilseier at det bør bli 5 denne gongen: Kjell Yri, Gun Mari Nilsen Moberg,

Magne Huglen, Eskil Andreas Dahl Moen og Elin Legland. Hvis nokon av desse fell igjennom vil det i alle fall vera overraskande.

Ved det førre valet var Venstre det største partiet ved røystinga i Aktivitetshuset med 90 røyster. Arbeidarpartiet hadde 81, Høgre 67 og Framstegspartiet 57. Deretter kom Senterpartiet med 24, Kristeleg Folkeparti og Innbyggjarpartiet med 19 og SV med 15. Tverrpolitisk Samlingsliste som ikkje finst lenger fekk 12 og Raud Vallianse 2 medan Uavhengig Sentrum som også er borte fekk ei einsleg røyst her i bygda. Tilsaman vart dette 387 røyster på valdagen medan det var så mange som 72 førehandsrøyster.

Det mest oppsiktsvekkjande var Venstres suksess, som ein måtte heilt attende til 1950-talet for å finne maken til. Det spela sikkert ei rolle at det var 11 uskedelingar på lista.

Eit spennande moment denne gongen blir deltakinga som tradisjonelt har vore låg her i bygda. Men det vart ein auke frå 53 til 59 prosent og ein får håpa på ny auke måndag!

Av Ola Matti Mathisen